




Straumnett

Fokus på tryggleik
+ Høg kompetanse
+ Lokal beredskap
= Sikker straumforsyning



Det Lokale Elektrisitetstilsyn (DLE)

ELEKTRISKE INSTALLASJONAR OG BRANN I BUSTAD

Er **ditt** elektriske anlegg trygt?

Kva gjer **du** for at det elektriske anlegget ditt skal vera trygt?

Tek **du** sjansen på seie nei til tryggleiken for deg og din familie?

Har **du** fungerande røykvarslar og slukkeutstyr i naudsynte rom?

Kva er viktig for å få eit godt og trygt elektrisk anlegg?

Straumnett arbeider for å betre eltryggleiken hjå våre kundar!

Kven er ansvarlig for at DU har eit trygt elektrisk anlegg?

Eigar/brukar av det elektriske anlegget er sjølve ansvarleg for at dei elektriske installasjonane til ei kvar tid er i forskriftsmessig stand.

Feil på elektriske anlegg og feil bruk av utstyr, er åleine årsaken til over 40% av alle brannar i Norge. Mange av desse brannane kunne vore unngått dersom kvar einiskild av oss hadde vore meir merksame ved bruk av elektriske anlegg og utstyr.

Kva kan gjerast for å betre tryggleiken?

Det elektriske anlegget må kontrollerast med jamne mellomrom, særskilt gjeld dette på gamle anlegg og når bruksmønster blir endra. Døme kan vere nye eigarar, fleire brukarar, barn, husdyr, auka aktivitet, nytt utstyr, koketopp, elbil, auka oppvarming osv.

Inntakssikringar

Inntakssikringar plassert inne i hus må kontrollerast regelmessig. Gamle sikringar krev meir ettersyn og gjev mindre tryggleik. Skrusikringar må strammast til regelmessig. Ryk sikringane ofte, er det tegn på at det elektriske anlegget ikkje er tilpassa din bruk. I eldre hus er inntakssikringar som oftast plassert i kjellar, på loft eller i eige skap under sikringsskapet. **Ved varmgang, auka belastning og ved mistanke om feil, tilrår DLE at ein kontaktør ei registrert installasjonsverksemd for kontroll.**

Jording

Personer kan utsetjast for farlege berøringsspenningar når jordingssystemet ikkje er i orden. **I eldre bustadar og bustadar der vøtn og kloakk er rehabilisert, tilrår DLE at ein kontaktør ei registrert installasjonsverksemd for kontroll av jordingssystemet.**

Sikringsskap

Sikringsskap må kontrollerast regelmessig. Gamle sikringsskap krev meir ettersyn og gjev mindre tryggleik. Skrusikringar må strammast til regelmessig. Ryk sikringane ofte, er det tegn på at det elektriske anlegget ikkje er tilpassa din bruk. **DLE tilrår å skifte ut gamle sikringsskap. Då får ein nye moderne sikringar, samstundes som ein får ein kontroll av koblingar, ledningar og jording i sikringsskapet.**

Ledningsanlegg og koblingsboksar

Har du gamalt ledningsanlegg og koblingsboksar, bør dette kontrollerast. **DLE tilrår at ein kontaktør ei registrert elektroverksemd for kontroll av gamle ledningsanlegg og koblingsboksar.**

Tørrkoking

Ca. 10% av alle brannar i Norge, kjem av at ein gløymer å slå av kokeplata og/eller tørrkoker mat.

Ved bruk av kokeplater bør ein vera merksam på følgjande:

- Hold alltid kokeplater under oppsikt ved bruk
- Slå av kokeplater når ein forlet kjøken
- Ikkje plasser pynt etc. på komfyr
- Regelmessig reingjering av vifte over kokeplater
- Ikkje lag mat dersom du er påverka av rusmidlar

I nye bustadar er det påbudt å montere eit system som koblar ut kokeplater før det oppstår brann (komfyrvakt). **Dersom ein har lett for å gløyme å slå av kokeplater, tilrår DLE at ein kontaktør ei registrert installasjonsverksemd for montering av komfyrvakt.**

For personar med særskilte behov, ta kontakt med hjelpemiddelsentralen.

Ta ut støypselet

Gjer det til ein vane å trekkje ut støypselet på elektriske apparater som f.eks. strykejarn, hårtørkar, glattetang, kaffitraktar, brødristar osv. når dei ikkje er i bruk. Desse apparata er utstyrt med termostat. Ved feil på denne, kan temperaturen på kort tid auka kraftig og føra til brann. **DLE tilrår å montere tidsbrytar på stikkontakter for slikt utstyr visst ein har lett for å gløyme å slå av.**

Skøyteledning

Skøyteledning kan nyttast til mellombels utstyr med liten belastning. Ovnar og utstyr med stor belastning skal ikkje forsynast frå skøyteledning. I nye bustadar er minimum antall stikkontaktar regulert i forskrift.

Ved bruk av skøyteledning bør ein vera merksam på følgjande:

- Skift ut gamle skøyteledningar (støv, skade på isolasjon, tynn ledning, dårlege klemmer osv.)
- Rull ut heile ledningen på trommelen
- Kun jorda skøyteledning og stikkontakt skal nyttast utandørs
- Skøyteledning i skøyteledning skal ikkje nyttast.
- Pass på at skøyteledning ikkje blir utsatt for skade, kontrollør regelmessig
- Aldri bruk skøyteledning til utstyr med belastning på meir enn ca. 1000W

DLE tilrår at ein kontakter ei registrert installasjonsverksemd for montering av fast stikkontakt med tilstrekkeleg uttak for utstyr som er permanent.

Varmeovnar

Varmeovnar og elektriske apparater utviklar varme som kan føra til brann.

Ved bruk av varmeovnar bør ein vera merksam på følgjande:

- Varmeovnar må ikkje tildekkast
- Ikkje tørk klede på varmelovn
- Ikkje la gardiner henge på panelovn (bruk gardinbøyle)
- Hold møbler og brennbare materialer i trygg avstand frå varmeovnar
- Flyttbare varmeovnar bør kun nyttast som tilleggsoppvarming og berre under tilsyn (Ved kjæledyr etc. vær ekstra merksam)
- Flyttbare varmeovnar bør ikkje nyttast på barnerom
- Elektriske varmeputer og varmeteppe bør aldri nyttast utan tilsyn
- Les brukarveiledning nøye

Belysning

Lamper og downlights kan utvikle høge temperaturer som kan føre til brann.

Ved bruk av lamper og downlights bør ein vera merksam på følgjande:

- Ikkje bruk pærer med større wattstyrke enn lampa er merka for
- Bruk kun halogenpærer som kastar varmen framover/ned i downlights
- Sjekk om det er svidd rundt downlights og på lampeskjermar
- Lause lamper bør ikkje brukast på barnerom
- Sjekk avstand til brennbare materialer (god lufting)
- Les brukarveiledning nøye

Når folk søv

Slå alltid av oppvaskmaskin, vaskemaskin, tørketrommel osv. når du søv og når du forlet bustaden. Hugs å reingjere lofilter på tørketrommel etter bruk!

Jul- og adventsfeiring

Ved juletider og i den kalde årstida, aukar risikoen for brann. Då er det høg belastning på det elektriske anlegget, stor aktivitet, julegjester/familiebesøk, unormalt straumforbruk, levande lys, julebelysning osv.

Ved juletider og i den kalde årstida bør ein vere ekstra merksam på følgjande:

- Sjekk røykvarslarar og slukkeutstyr
- Sjekk sikringsskap, strauminntak etc. for varmgang, unormal lukt og lyd
- Levande lys skal kun nyttast under oppsikt, ikkje dekk til belysning med pynt, hald avstand til brennbare materialar
- Sjekk at elektrisk utstyr, skøyteledning, julebelysning etc. ikkje er skadd/øydelaagd, slå av elektrisk utstyr når ein søv
- Les brukarveiledningar nøye

Varmtvannsberedar (VVB)

Støpsel og stikkontakt til varmtvannsberedar har ved fleire tilfeller ført til branntilløp.

Ved bruk av støpsel og stikkontakt på varmtvannsberedar bør ein vera merksam på følgjande:

- Sjekk støpsel og stikkontakt for varmgang. Ved varmgang tek ein kontakt med ei registrert installasjonsverksemd som vurderar om ein skal skifte støpsel-/stikkontakt eller gå over til fast tilkobling.

I nye bustadar må VVB med effekt større enn 1500W utstyres med fast tilkobling el. spesialstikk./støpsel.

TV-apparat

TV-apparat kan ved feil føre til brann.

Ved bruk av TV bør ein vera merksam på følgjande:

- Skru av TV med AV/PÅ knappen (dersom den har det) før ein går og legg seg
- Flatskjermar med jorda støpsel som er tilknytt jorda stikkontakt og som får signal frå kabel-TV nett, må ha galvanisk skilje på antennekontakt
- Sørg for god lufting
- Les brukarveiledning nøye

Lading av elbil

Ved behov for lading av elbil, ta kontakt med ei registrert elektroinstallasjonsverksemd for råd og rettleiing.

Ladbart utstyr

I den seinare tid har det oppstått ein del brannar i batteri, ladeutstyr osv.

Ved bruk av slikt utstyr bør ein vera merksam på følgjande:

- Lad i rom med røykvarslar og lad når du er vaken og tilstades
- Les og følg brukarveiledning nøye
- La ikkje barn lade på eiga hand
- Lad på underlag som ikkje lett kan brenne
- Sørg for god lufting, luftespalter i utstyr må ikkje dekkast til, forlat ikkje utstyr på tepper, i seng eller anna underlag som hindrar god lufting
- Ikkje lad i korridorar/trapper etc. som skal nyttast ved rømming
- Ikkje lad utstyr som har skade eller er øydelaagd
- Stopp lading ved unormal lukt, lyd eller temperatur
- Anbefaler bruk av originalt ladeutstyr, vær ekstra merksam viss ein må bruka uoriginalt ladeutstyr

Ver din eigen kontrollør! Ver merksam!

- Ved støt, unormal lukt, varme eller lyd, få sjekka om det kan vera feil ved det elektriske anlegget som er årsaka. Sjekk at utstyr, stikkontaktar, brytarar, ledningar etc. ikkje er øydelaagde, lause, svidd eller varme.
- Ver merksam på ungar/ungdom sin bruk av elektrisk utstyr, ikkje ha utstyr i senger, sjekk for skade på ledningar og utstyr, ikkje lade når ein søv. Set opp røykdetektor i alle soverom, særskilt i soverom med teknisk utstyr (TV, spelekonsoll, PC osv.)
- Ved mistanke om feil på det elektriske anlegget, IKKJE VENT! Ta kontakt med elektriskar umiddelbart!
- DLE tilrår at eigar/brukar får ei registrert installasjonsverksemd til å ta ein kontroll av den elektriske installasjonen kvart 10.år. Pålagt stikkprøvekontroll frå DLE erstattar ikkje ein slik gjennomgang.

For nærare informasjon gå på våre heimesider www.straumnett.no eller ring tlf. 57 64 86 00